



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

09.08.2024

Vår ref:

2022/2102

Dykkar dato:

13.05.2024

Dykkar ref:

202301154

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til konsesjonssøknad - ny Krossdalen transformatorstasjon og Steinsland koblingsstasjon - nye 420 kV-linjer - spenningsoppgradering i to kraftverk - Modalen og Vaksdal kommunar

Dei konsesjonssøkte tiltaka gjeld oppgradering hovudstraumforsyninga og har stor samfunnsnytte. Det vil vere uunngåeleg at det blir noko konsekvensar for naturmiljø, friluftsiinteresser og dyrka mark. Vi legg til grunn at avbøtande tiltak som er foreslått i konsekvensutgreiinga blir vurderte, og så langt som råd blir tekne inn som vilkår i konsesjonen og innarbeidd i komande detaljplanar.

Vi viser til oversende høyringsdokument.

Det er søkt om

- ny Krossdalen transformatorstasjon
- omlegging av luftleidningar inn til stasjonen
- ny 420 kV Krossdalen - Steinsland
- ny delstrekning 420 kV Krossdalen - Haugsvær
- spenningsoppgradering til 420 kV i Steinsland kraftverk og Nygard pumpekraftverk med tilhøyrande nettanlegg
- endringar i Steinsland koblingsstasjon
- oppgradering av Nygardsveien
- bygging av kaihakk på Eidslandet

Vår vurdering

Dei nye tiltaka skal sikre framtidig hovudstraumforsyning og har stor samfunnsnytte, og dermed høg prioritet. Det er likevel eit viktig prinsipp, lovfesta gjennom naturmangfaldlova, at utbygginga skal skje på eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag og ta omsyn til naturmiljøet. Sentralt her er å minimere nye naturinngrep, tilpasse installasjonane godt til terreng og landskap, og tilbakeføre området etter moderne prinsipp.

Vår vurdering er at naturmiljø, friluftsiinteresser og landbruk er forsøkt ivareteke i planlegginga. Nye og oppgraderte linjer vil mellom anna i stor grad følgje eksisterande linjer. Det ligg tunge tekniske vurderingar til grunn for vald lokalisering og utforming av installasjonar, og det vil vere uunngåeleg at tiltaket vil føre til noko nye arealinngrep.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Vi legg til grunn at avbøtande tiltak som er foreslått i konsekvensutgreiinga blir vurderte, og så langt som råd blir tekne inn som vilkår i konsesjonen og innarbeidd i komande detaljplanar.

Vi minner om § 7 i forureiningslova om å unngå forureining. Stein- og jordmassar skal handterast etter regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243. Alle massar skal vurderast etter ressurspyramiden, og det må vurderast samfunnsnyttig bruk før det eventuelt blir planlagt deponering. Vi legg til grunn at støy blir handtert i tråd med nasjonale krav.

Vi legg vidare til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdjar.

Med helsing

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN